

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2022/979-1

Saksbehandlar

Mette Hjelmeland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2022/17	Forvaltningsutvalet	09.02.2022

Vedtak av nytt adressenamn - Maurangnesvegen

Innstilling frå kommunedirektøren:

Vegen tar til i kommunegrensa mot Ullensvang kommune og går sørvest-over til Maurangneset på gnr/bnr 46/1. Veggen får adressenamnet «Maurangnesvegen»

Forvaltningsutvalet si behandling i møte den 09.02.2022:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Vegen tar til i kommunegrensa mot Ullensvang kommune og går sørvest-over til Maurangneset på gnr/bnr 46/1. Veggen får adressenamnet «Maurangnesvegen»

Vedlegg:

Utgående brev til grunneigar

Utgående brev til Språkrådet

Inngående brev frå Språkrådet

Samandrag/Saka gjeld:

I samband med manglande adressenamn på staden, og med ny tilkomstveg via Ullensvang kommune, ynskjer kommunen å vedta nytt adressenamn for Maurangnes. Dette neset høyrer til Kvinnherad kommune, men har sin einaste tilkomstveg frå Ullensvang kommune, forutan sjøvegen. Vegstrekket har ikkje adressenamn frå før.

Saksutgreiing:

Kommunen tar kontakt med grunneigar for å føreslå nytt adressenamn, den 07.10.2021. Grunneigar er positiv til å etablere eit nytt vegnamn, og til namnevalet. Adressenamnet vert sendt til Språkrådet for tilråding, den 22.10.2021. 08.11.2021 mottar kommunen inngåande brev frå Språkrådet der det går fram at Språkrådet meiner det er tilrådeleg å la vegen ut til Maurangneset få namnet Maurangnesvegen. Adressenamnet vert kunngjort i 2 lokalaviser med frist for å komme med merknader på 2 månader. Ingen merknader, eller andre forslag kom inn. Vegen ligg på gnr/bnr 46/1 i Kvinnherad kommune og er synt i kartet under. Vegen tar til der Hesvikvegen sluttar, i Ullensvang kommune.



Økonomisk berekraft:

Ca 3 500 kr/skilt

Miljø og klima berekraft:

Ingen

Konklusjon

Kommunen sin konklusjon i saka er at det er tilrådeleg å vedta nytt adressenamn og føreslår adressenamnet «Maurangnesvegen». Grunneigar er einig, ingen andre namneforslag kom inn og namnet er tilrådd av Språkrådet.